

Årsmøte Sogn og Fjordane skiskyttarkrins i Honndalshallen 4.6 kl. 18.00

Tilstades: Leiv Tvinnereim - Hardbagg, Ole Henry Gjærset - Volda, Nils R. Sandal - Sogn og Fjordane Idrettskrins, Odd Harald Heggen - Nordfjord Team, Audun Gausemel – Hornindal, Monica Halsteinslid – Markane, Magne Brekke – Sunnylven, Anvor Tryggestad - Sunnylven Heidi M. Starheim – Stårheim, Nils Magne Nedreberg – Stårheim, Rune Totland – Volda,

Oppfølging frå Startmøte/Kretsutviklingsmøte

Nokre av oppsette tiltak har vore vanskelig å gjennomføre grunna manglande snøforhold.

Oversikt over ressursar på trenarsida i klubbane: ikkje fått tilbakemelding frå klubbane på dette. Er blitt sendt ut førespurnad til klubbane.

Utviklingsmidlar/innrapportering frå aktivitetar – viktig at klubbane melder inn til krinsen den aktiviteten som blir gjennomført. Dette for å få midlar til krinsutvikling og klubbutvikling.

Trenarkoordinator: Rune Totland. Vil kartlegge behov for trenarkurs.

Fellestreningar mellom klubbane – nytte seg av den kompetansen som er i klubbane og på tvers av klubbane.

Heimeside: Sogn og Fjordane skiskyttarkrins har eiga heimeside. Klubbane må melde inn saker som dei vil publisere.

Arrangement samarbeid: har samarbeidd med gjennomføring av renn sesongen 2013 -14.

Årshjul: blir sendt ut til klubbane. Krinsen og forbundet set opp planar.

Rekruttere nye klubbar/utøvarar: styret følger opp dette

Sosial samling: viktig for 12 -13 åringar. Invitasjon sendast ut til klubbane. Klubbane må halde kontakt med kvarandre og evt. invitere kvarandre.

Innleiing v/ Nils R. Sandal:

Viktig med godt og nært samarbeid, og idrettskrinsen vil hjelpe til om det er behov og ynskje om det.

Sak: 1

Presentasjon av dei oppmøtte, delegater er godkjent.

Nils R. Sandal representerte Sogn og Fjordane Idrettskrins

Sak: 2

Saklista og innkalling godkjent.

Merknad: fekk ikkje opne saklista på heimesida til krinsen.

Sak: 3

Møteleiar: Leiv Tvinnereim

Referent: Heidi M. Starheim

Underskrift: Odd Harald Heggen og Nils Magne Nedreberg

Sak: 4

Gjennomgang årsmelding - er godkjent med merknader. Blir lagt ut på heimesida, etter korrigeringar.

Sak: 5

Rekneskap - ingen merknader, godkjent.

Sak: 6

Årsplan

Tek utgangspunkt i det som kom fram i kretsutviklingskalendaren, terminliste, skiskyttartreffene med Volda som arrangør, Sparebankkrus, Krinscup og regionsamlingar.

Sak: 7

Budsjett – årsmøtet laga til oppsett – budsjett er godkjent.

Sak: 8

Audun Gausemel har laga til forslag til terminliste – blir lagt ut så snart renndatoar og tilbakemeldingar frå klubbane er klare. Blir lagt ut på heimesida når den er klar.

Nasjonale renn ligg inne på forbundet si heimeside.

Skiskyttartreffene blir arrangert i Volda ,13. – 14.9

Regionsamling – ikkje fastsatt tid/stad

Sak: 9

Samarbeidsavtale med NTS.

Årsmøtet er positive til NTS sitt framlegg og gir styret fullmakt til å slutt forhandle eit dokument i forhold til ansvars- og arbeidsoppgåver.

Sak: 10

Jentesatsing

Samarbeid mellom klubbane for jenter 10 -14 år.

Dette for å behalde dei i miljøet, slik at dei fortset med idretten.

Invitere til fellestreningar – som kan gå på rundgang mellom klubbane. Oppstart ved skulestart i august. Ikkje bestemt kva klubb som vil starte.

Treng ikkje nødvendigvis vere skyteøkt på desse treningane.

Tidspunkt kan for eksempel vere annakvar laurdag. Forslag til instruktør Sigrid Hjelle – kan ta kontakt med ho om ho kan vere med. Aina Sofie Bakke kan og spørjast. Eline Fannemel skal og flytte heim og kan spørjast.

Forslag til aktivitetsplan frå krinsen for jenter i skiskyttarkrinsen:

- Skiskyttartreffene medio september, eigne jentetreningar- Volda er arrangør i 2014.
- Jentesamling i Vik for jenter født 1999 – 2002, regionsamling i samarbeid med krinsen i Hordaland 26. – 28.9. Her vil det og vere mødrekurs og krinsen oppmodar mødre å vere med.

Sak: 11

Val

Leiv Tvinnereim, Hardbagg – attval 1 år

Asle Ringdal, Sunnylvn – ny 2 år

Ole Henry Gjærset, Volda – gjenval 2 år

Heidi M. Starheim, Stårheim – 1 år igjen

Wenche Arntsen, Markane - 1 år igjen

Vara:

1. Svingseth/Lødemel, Hornindal – ny 1 år
2. Linda Alsaker, Markane – attval 1 år
3. Magne Brekke, Sunnylvn – attval 1 år

Revisor:

Odd Halsteinslid, Markane – attval 1 år , Magnhild Hauge, Markane – attval 1 år

Valnemd:

Nils Magne Nedreberg, Stårheim – leiar

Anvor Tryggestad, Sunnylvn - 2 år igjen

Eivind Hopland, Hardbagg – 2 år

Trenarkoordinator/utdanning: Rune Totland

Styret vil sjå på interne arbeidsoppgåver og utsendingar på neste styremøte.

Referent:

Heidi M. Starheim

Underskrift:

Odd Harald Heggen

Nils Magne Nedreberg

